



**NHV**  
NORSK HELSE OG VELFERDSFORUM

NETTVERK FOR LEDERE OG RÅDGIVERE I  
HELSE, VELFERDS- OG OMSORGSTJENESTER I KOMMUNENE

## REFERAT FRÅ HOVUDSTYREMØTE

**TID:** TORSDAG 18. Februar 2010  
**START:** kl.10.00  
**AVSLUTNING:** kl.16.30  
**STAD:** KS huset Oslo

**Til stades:** Kari Stuvøy, , Asle Hovdal (frå kl.16.00), Jan Hugo Hermansen, vara Kristian Hausken, Siren E. Hinderaker

**Fråvær:** Torild Fjermestad

### SAKSLISTE FOR HOVUDSTYREMØTE

#### 1. Referat frå styremøte 25.01.10

Gjennomgang av referat. Kari har arbeida med å skaffe nokon frå helse og omsorgs departementet til studiedagar i Kragerø. Ein statssekretær har gitt positiv tilbakemelding, alternativet er Visløf.

Referat godkjent.

#### 2. Økonomi- status og regnskap

Regnskap 2007 er i Excel oppsett og ser greitt ut. Differanse i pluss på kr.112,96

Regnskap 2008 ser og greitt ut.

Innstillinga frå hovudstyret er at regnskap for 2007 og 2008 ser bra ut og vert oversendt revisor.

På konto pr. 15.02.2010

Nedlagte lag	kr. 64 012
Hovudkonto	kr. 352 140
Kortkonto	kr. 63 193
Konto Volda Ørsta sparebankkr.	9 135
<b>Totalt</b>	<b>kr. 488 480</b>

**For å ha betre oversikt vert det frå 2009 gjort slik med regnskap: Hovudstyret godkjenner regnskap for 2009 midlertidig og lagt fram for endeleg godkjenning på landsstyremøte i 20100.**

Jan Hugo har no fått oversikt over alle fylkeslag sine medlemslister. Skal sjekke ut høve for og korleis gjere det med KID ved neste innkrevjing av kontingent.

#### 3. NHV-nytt - opplegg til drøfting i fylkesleiarssamling 19.02.10

Bør diskuteras blant fylkesleiarane. Bør det lagast ein redaksjonskomité?

Direkte oppdrag: aktuelle saker til neste nummer.

#### **4. Vervebrosjyre – jf. e-post frå Asle**

Bør leggest ut på heimesida. Kwart fylkeslag kan bruke vervebrosjyre til sitt bruk og endre namn for kontaktperson på side 2. Vervebrosjyren ser fin ut med fine fargar. Asle har ansvar for vervebrosjyre.

#### **5. Handlingsprogram- drøfting av prioriterte områder og aktivitetar i 2010**

Gjennomgang av gruppearbeid frå september 09. Tar opp igjen på fylkesleiarsamling 19.02.10.

#### **6. Erfaringar frå møte i ESN v/ Torild**

Var i Brighton på første styremøte, overlapp saman med Birgit. Interessant møte samansett av delegatar frå heile Europa. Leiar, John Halloran, verkar dyktig og sakene er interessante. Medarbeidarane verkar og flinke. Møte ber preg av mest informasjon. Frode Wikne frå Hordaland er foreslått til ei arbeidsgruppe rundt tenester til eldre menneske.

#### **7. Vidare medlemskap i ESN?**

Toril foreslår: Opprettheld medlemskapet i 2010 slik at Toril får høve til å få betre innsyn i kva medlemskapen kan vere av positiv karakter for NHV Noreg.

Styret tilrår vidare medlemskap, og anbefalar at leiar i NHV Noreg deltar på neste møte i Barcelona juni 2010.

#### **8. ESN -konferanse i Barcelona juni 2010 – deltaking frå styret?**

Styret innvilgar reise for to personar. Toril reiser. Kari vil og prøve å reise.

#### **9. Heimeside – drøfting av innspel frå Birgit**

Betaler pr i dag kr. 500,- for kvart gong det vert lagt innlegg / endringar på heimesida. Birgit vidareformidlar dette. Birgit vert innvilga kr. 2000,- i honorar for innlegging og arbeid med heimesida for våren 2010.

Utviding av heimesida: Det vil koste lite, maks kr. 1000,- pr år.

Bør ha høve til å utvide heimesida med fylkeslagsinformasjon, fylkeslagsreferat, NHV nytt, vervebrosjyre. G-mail adresser kan slettes. Det er få som bruker den, og e-post hopar seg opp. Utlegging på heimesida skal skje ein gong i månaden. Det skal hentast inn pris/eit tilbod på utviding av heimeside – Kari tar ansvar for det.

#### **10. Status fleire aktive fylkeslag**

Kari har vore i kontakt med ein kontaktperson frå Sør - Trøndelag. Han er invitert til fylkesleiarsamlinga i Oslo 19.2.10. Fylkeslaget i Oslo får ikkje Kari kontakt med sjølv etter intens e-post og tlf kontakt med ein kontaktperson. Toril skulle ta kontakt med Vest-Agder – usikker på kva som har skjedd. Siren sendte invitasjon til NHV Hordaland sin årsmøtekonferanse til medlemmer i Sogn og fjordane. Det er ikkje kome noko attendemelding eller påmelding frå de.

#### **11. Gjennomgang og arbeidsfordeling fylkesleiarsamling**

Ser greitt ut. Rekneskap og økonomi er Jan Hugo. Christian og Signe Elin er med Asle og snakkar om profilering. Siren går gjennom sist referat frå fylkesleiarsamling. Kari ser på handlingsprogram og oppsummere sist samling sitt gruppearbeid. Kva er tatt tak i av hovudstyre. Gruppearbeid med resten av oppgåvene, fokus kva ser me mindre på og kven har ansvar.

#### **12. Evt**

Framtidige tema på fylkesleiarssamling. Bør ha eit fagleg tema. Forslag – meir bruk av roboter i pleietenesta.

**kl 12.30: Dialogmøte med KS- samhandlingsreform, sjukefråvær, kompetanse/rekruttering**

Sigrud Askum, Kari Rolstad, Riche Vestby (ansvar for Oslo, men skal vidare arbeide med innovasjon)

- Samhandlingsreform og rekruttering / kompetanse; KS hadde eige seminar med helse og omsorgskomiteen og kommunalkomiteen 04.02.2010. Overleverte hovudstyret i KS si innstilling. Vart eit bra møte. H. Skard førte ordet, og mykje av tema vert oppsummert i eit notat. Finansiering var eit av hovudtema. Lite oppslutning på føreslått finansiering. KS meiner det bør sjåast på delløysingar for grupper der det er alternative løysingar i kommunen. Har ikkje inntrykk av at departementet har funne løysing. Kan tyde på ein opptrappingsplan metode. Er det fortsatt snakk om overføring av oppgåver og personell frå helseføretak til kommune, eller må kommunane bygge opp fråstarten? Her har finansdepartementet ei rolle mtp kostnadsoverføring. Kan vise seg å vere vanskeleg i praksis.

Eit kritisk punkt er kompetanse og tilgang på tilsette i kommunane.

Kommunehelsetenesta skal styrkast, ikkje nødvendigvis at personell vert ført frå helseføretak til kommune. Helseføretak vil mest sannsynleg spesialisere seg meir og deira behov for personell vil vere til stades likevel. Rettleiingsplikt, ambulante team er nok retninga som vert i praksis.

Korleis løyse kompetanse utfordringane? Departementet ser på korleis starte ein reform og sjå på evt opptrapping. Vil og arbeide med legetenesta. KS tar og til orde for nokre pilotar. KS er ute etter kommunar som er i starfasen og som har begynt litt.

Interkommunale samhandlingsløysingar: KS har ei samarbeidsgruppe som støtter seg på NIVI rapportar. Det som er av materiale skal samanstillast slik at det er muleg å gi råd om kva som fungerer og ikkje.

Samarbeid mellom kommunar: Det er starta opp nokre FoU'er; betre integrert legeteneste (sintef har fått oppdraget). I tillegg ser ein på Agendarapportar – fokus på korleis er det med modellene, er de liv laga enda og kva er nytt? Samhandlingsreforma skal i Stortinget 27 april 2010.

Positivt: Alle er samd i situasjonsbeskriving og utfordringane, samt at førebygging er eit viktig sentralt element. Brei støtte til at kommunane må styrkast. Kjem ei oppsummering som vert lagt ut på KS si heimeside med linkar til ulike dokument.

- Sjukefråvær v/ Liv Overaae KS arbeidsutvikling:

Ekspertgruppa la fram 6 administrative tiltak. Ingen endringar i arbeidstakar si sjukelønsordningar. Reknar med at IA avtalen vert ferdig forhandla og vidareført frå 01.03.2010.

Helse og omsorgs departementet har sett ned eit utval som skal sjå på utstøyting og frávær i helse og omsorgssektoren. Skal arbeide saman i 1 år.

**Oslo, Siren E. Hinderaker - 18.02.2010**